

Årsmelding for 2023 – Prestgardshågein



Figur 1 Staudebedet i august 2023

Prestgardshågein er eigd av Vågå historielag, men er drifta av frivillige som ei underavdeling.

Kontonr. 2085 25 80756. VIPPS 520188.

Prestgardshågein er medlem i Schübelers hager, eit nettverk av historiske hagar. Erik Lillebråten representerer Prestgardshågein i styret.

Unn Bostad starta arbeidet med restaurering av hagen i 2012 saman med mange frivillige. I 2022 har arbeidet vore leda av ei arbeidsgruppe, der Kari Hølmo Holen er leiar, saman med Magnhild Råstad og Ågot Råstad.

Prestgardshågein er på Facebook, der det jamleg blir lagt ut bilde av hagen og frivillige. Frå 2019 er Prestgardshågein ei underavdeling på Vågå historielag si heimeside.

Hagen består av fleire avdelingar, og er godkjent som ein historisk hage. Unn Bostad har laga ein skjøtselsplan, som blir oppdatert årleg.

Samarbeidsutval: Med bakgrunn i at det er fleire aktørar i Ullinsvin, er det oppretta eit samarbeidsutval. Kari Hølmo Holen (hagegruppa) er vald som leiar, elles er Vågå husflidslag, Gudbrandsdalsmusea, Galleri Ullinsvin, Vågå historielag og Vågå kommune representert. Samarbeidsutvalet har tatt ansvar for opningsarrangement av utstillingar i galleriet, hjelp under Ullfestivalen i juli, olsokfeiring i Russli, frivilligfest 2. november, lotteri og Jul i Ullinsvin med bakst og kafedrift.

Sommarutstillingane opna 24. juni, og hagegruppene hadde stor aktivitet i forkant av opninga.

- Galleriet – Dronning Sonja
- Låven – Kjell-Erik Killi Olsen
- Stabburet – Orsolya Haarberg
- Fjøs og fjøstrev -Gudbrandsdalsmusea med
- Aurbua – her vart det lagt skifergolv før det vart tatt i bruk av Gudbrandsdalsmusea til lokalmat-utsal
- I studeren og hovudbygningen har husflidslaget
- Gallerilåven – utstilling av gamal gardsreiskap v/Vågå historielag

Hagegruppa – aktivitet:

Sommarsesongen i 2023 har vore spesiell, der første del var tørr og varm, og kravde mykje vatning, og siste del var prega av mykje regn.

- Styremøte 16. januar
- Pressekonferanse med Fjuken og Norddalen 17 april – fordi vi hadde fått 180.000 frå Sparebankstiftelsen via Schübelers hagen
- Styremøte 3. oktober
- Styremøte 18. november.

April:

- 27. april – vårdugnad, der 23 møtte. Tor Sandbu stilte med hengar for hageavfall. Bord og stolar vart sett ut.
- Graskant rundt staudebedet vart rydda.
- 29. april – podekurs regi av Kvann.

Mai:

- Lysthuset vart vaska.
- 22. mai – ny dugnad, alle gruppene i arbeid.

Juni:

- 17. juni – teamsmøte med medlemmar i Scübelers hager
- 19. juni – Kvinnegruppa i Sjørdalen spanderte kaffe og kaker på frivillige i hagen, og hadde med gåve på kr. 5.000.
- 20. juni – dugnad for alle gruppene før utstillingsopning
- 24. juni - Opning av utstillingane
- Avleggjarsal på bord ved lysthuset
- Området hagegruppa har ansvar for utvida til bed ved forpaktarbustaden og bed nordafor Øyastugu i Jutulheimen.

Juli:

- Alle gruppene i aktivitet
- 25. juli – kurs I med Eva Kleffergård. Her deltok 15.
- 29. juli – seterarrangement i Russli i regi av samarbeidsutvalet

August:

- Alle gruppene i aktivitet
- 24. august - Tur til Ringebu prestegard og Volden besøksgard i Gausdal. Her deltok 6.

September:

- 5. september – kurs II med Eva Kleffergård. Her deltok 12.

Oktober:

- 4. – 5. oktober. Skålen der hagegruppa har lager fekk golv, og vart langt betre som lager.
- 16. oktober – haustdugnad, 20 møtte.

Økonomi:

Inntekter – utdrag frå rekneskapen:

- Tilskott frå Vågåå kommune (HOKO 9/5-2023) kr. 5000,-, Sparebank 1 Lom & Skjåk kr. 2000,-, inntekt frå arrangement i galleri Ullinsvin kr. 21.124. I tillegg har prestgardshågein etter søknad på midlar via Schübelers hager mottatt 180.000 fordelt på tre år frå Sparebankstiftelsen. Gåve kr. 5.000,- frå Sjørdalen kvinnelag.
- Plantesal og brosjyrar: inntekt kr. 9.275,-. Brosjyrane blir selde i galleriet og kafeen for kr. 25,-. Elles er dei lagt i postkassa ved hagegjerdet, for frivillig kjøp kr. 25,-. Plantesal ved bord innafor lysthuset.
- Momskompensasjon kr. 3.323,-.
- Sals- og driftsinntekt på kr. 105.723,-.

Utgifter - utdrag frå rekneskapen:

- Hagebord kr. 15.840, elles planter og anna utstyr ca 10.000,-
- Kurs med Villflor v/ Eva Kleffelgaard og servering kr. 16.000
- Vedlikehald utstyr kr. 5.968,-.
- Reparasjon – lagt golv i skålen – kr. 3.411,-.
- Servering, blommar mm – kr. 11.051,-.
- Driftskostnader: kr. 67.130,-.
-

Mange har vore innoom hagen i løpet av sesongen, og vi har fått gode attendemeldingar på korleis det ser ut. Både barnehagane og skulane nyttar området, likeeins mange andre.

For hagegruppa v/Kari Hølmo Holen, Ågot Råstad og Magnhild Råstad.